



Kvinnherad kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

---

Kommunestyret

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2014/56  
Vår dato: 30.03.2017

**Partsbrev - Konkurransetsetting av revisjonstenester for Kvinnherad kommune - Val av revisor**

Vedlagt følger sak frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Ber om at saka vert lagt fram på førskomande møte i kommunestyret 27.04.17.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Ordførar  
Rådmann  
Kontrollutvalsleiar

Arkivsak: 601  
 Arkivnr: 2014/56-18  
 Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvinnherad kommune	20/17	27.03.2017

## Konkurransetsetting av revisjonstenester for Kvinnherad kommune - Val av revisor

### Bakgrunn

Noverande avtaleperiode for revisjonstenester for Kvinnherad kommune er vedteke å gjelda til og med rekneskapsåret 2016, det vil seie til og med 30.06.17. Frå 01.07.2017 skal revisor i ny avtaleperiode vere på plass.

Heimel for kven som kan vedta val av revisor går fram av kommunelova § 78.4 som lyd slik:

*«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»*

Når det i kommunelova er nytta omgrepet «kommunestyret selv» betyr det at det ikkje er høve til å delegere mynde til andre, men at det kommunestyret sjølv som må gjera vedtaket.

Kontrollutvalet i Kvinnherad kommune handsama i møte 24.08.2016 sak 36/16 og gjorde då slikt vedtak:

1. Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Kvinnherad kommune med sikte på at ny kontraktperiode skal gjelda frå 01.07.2017.
2. Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.
3. Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.
4. Bistand omfattar:
  - utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon
  - utkast til konkurransegrunnlag
  - kunngjering
  - protokollføring
  - evaluering av innkomne tilbod
  - varsel om tildeling
  - utarbeiding av utkast til kontrakt, deltaking i naudsynte samrådsmøter og deltaking i aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret.
5. Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.

Konkurransegrunnlaget vart lyst ut som open anbodskonkurranse 15.11.2016 på [www.doffin.no](http://www.doffin.no), og nokre dagar seinare vart det kunngjort innan heile EØS-området. Svarfristen vart sett til 11.01.2017 kl. 12.00. På bakgrunn av dei reglane som gjaldt på kunngjeringstidspunktet var det ikkje høve til å forhandle med tilbydarane når det er brukt open anbodskonkurranse.

I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at tilbodet m.a. skal innehalde tilbod om levering av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre timebaserte oppdrag i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021.

Vidare går det fram av konkurransegrunnlaget at det vert lagt til grunn at særskilte kvalifikasjonskriterium må vera oppfylte for at tilbydar skal verta vurdert som eigna.

Konkurransegrunnlaget legg også til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, der ein tek omsyn til følgjande kriteria:

- 40 % Pris (fastpris og timeprisar)
- 35 % Løysing og forståing av oppdraget
- 25 % Kompetanse og erfaring

### **Drøfting**

Ved utløpet av fristen var det kome inn tilbod frå 4 tilbydarar. Alle tilbydarane er kvalifiserte og evaluering av tilboda starta umiddelbart. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. På bakgrunn av sekretariatet si evaluering vart det gjennomført eit arbeidsmøte med kontrollutvalet 27.02.17. I dette arbeidsmøtet presenterte sekretariatet forslag til evaluering av dei innkomne tilboda.

Sekretariatet har no førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skal innstilla overfor kommunestyret på val av revisor for Kvinnherad kommune frå 01.07.2017. Det er kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket. Sekretariatet vil i kontrollutvalet sitt møte 27.03.17 presentere munnleg forslag til kven kommunen bør velgja som revisor. Det vil også verta presentert ei grunngjeving i høve dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurranse-grunnlaget.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Kvinnherad kommune frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret i Kvinnherad kommune vel ..... som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 27.03.2017**

#### **Handsaming i møtet:**

Kari Nygard frå sekretariatet orienterte om resultatet av evalueringa av dei innkomne tilboda. Det vart og vist til gjennomgang og drøfting på førre møte om evalueringa. Innstillinga i saka var samrøystes.

#### **Innstilling:**

Kommunestyret i Kvinnherad kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2017 til 30.06.2021.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*